



# ÅRSMELDING

AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL 2015

Styret si årsmelding	<b>3</b>
Årsrapport	<b>6</b>
Resultatrekneskap	<b>18</b>
Balanse	<b>20</b>
Notar	<b>24</b>
Revisors beretning	<b>32</b>
Statistikk	<b>33</b>
Nøkkeltal	<b>34</b>
Økonomisk resultat	<b>35</b>
Repertoar	<b>38</b>
Personale	<b>40</b>
Styret	<b>42</b>
Representasjon	<b>42</b>

Framsidebilete:

Utgjevar:

Ansvarleg utgjevar:

Redaksjon:

Uformig:

Lars Melsæter Rydjord og Line Heie Hallem i «Pusterom». Foto Arild Moen

Teatret Vårt, AS Regionteatret i Møre og Romsdal

Thomas Bjørnager

Thomas Bjørnager, Knut Lidvard Høgsæt,

Cecilie Lundsholt og Rolf-Inge Pedersen Hjelseth

Rolf-Inge Pedersen Hjelseth

# STYRET SI ÅRSMELDING

## Selskapet

AS Regionteatret i Møre og Romsdal har som formål å drive teaterverksemد i Møre og Romsdal fylke. Selskapet sitt forretningskontor er i Molde kommune.

## Arbeidsmiljø og organisasjon

Arbeidsmiljøet i 2015 har vore godt. Det totale sjukefråværet i år 2015 har vore 1,03%. Det er rapportert om 1 mindre personskade. Teatret si verksemد ureinar ikkje det ytre miljø.

## Likesilling

Teatret har eit styre med sju styremedlemmer, der styreleiar er kvinne. Kvinnedelen av instruktørar, scenografar, kostymedesignarar m.m. varierar mykje frå år til år. Ein må difor sjå tala over fleire år. Kvinneandelen er nær 50% for teknisk og administrative avdelingar.

## Møter

Styret hadde i 2015 5 styremøte og handsama 30 saker.

## Økonomien i selskapet

Årsrekneskapen er gjort opp med eit overskott på kr 544 760. Sum eigenkapital er på kr 5 961 510. Av dette er kr 600 000 innbetalt aksjekapital.

Styret er godt nøgd med den samla økonomiske situasjonen og dei kunstnarlege resultata i 2015 for Teatret Vårt, og ynskjer å takke teatersjef og alle medarbeidarane for innsatsen.

Årsrekneskapen for 2015 er satt opp under føresetnad om framleis drift.

Molde 26. april 2016


  
Bodil Hollingsæter  
styreleiar

  
Kjersti Loge  
styremedlem

  
Janne Kvamme  
styremedlem

  
Per Kåre Trengereid  
nestleiar

  
Bjørnar Liseth Teigen  
styremedlem

  
Leon Aurdal  
styremedlem

  
Knut Anders Oskarson  
styremedlem

## DET MERKELEGE SOM HENDE MED HUNDEN DEN NATTA

av **Simon Stephens**,  
fritt etter **Mark Haddon** sin roman  
Omsetjing **Jon Fosse**

Regi og bearbeiding **Trond Lie**  
Scenograf **Thomas Bjørnager**  
Scenografass. og illustratør **Mari Watn**  
Lys- og videodesigner **Jonas P A Fugleseth** Språkkonsulent **Gunhild Kvangarsnes**

Medvirkende **Axel Gehrken Bøyum, Nasrin Khusrawi, Bjørnar Lisether Teigen, Nina Andreassen, Vivi Sunde, Anne E. Kokkinn, Lars Sørbo, Hugo Mikal Skår**

Première 6. februar 2015  
på Teatret Vårt, Molde.

Forestillinger: 36  
Publikum: 6079



# ÅRSRAPPORT

2015 var eit viktig år for Teatret Vårt. Vi har produsert 9 eigne produksjonar. Vi heldt opp eit aktivitetsnivået vårt, og etter 3 år i kulturygget PLASSEN tek vi vår del av æra for at Molde kommune kom inn på ein nasjonal 8. plass i Telemarkforskning sin kulturindeks for 2015. Vi ser at Molde kommune er på førsteplassen nasjonalt, målt på framsyningar per innbyggjar i kommunen, og gler oss over vårt bidrag til denne statistikken.

Rekneskapen for 2015 viser eit overskot på kr 544 760 og det bekreftar at vi lykkes med utgiftskontroll og effektiv ressursutnyting. Eigenkapitalen vår er no på 5 961 510 kroner, eit nivå som gjev tryggleik i forhold til ei årleg omsetting på i overkant av 50 millionar kroner.

Vi har oppretthalde vår turneaktivitet og skapt ei rekke aktivitetar i tillegg til framsyningane våre. Debattar, foredrag og kunstnarmøter har underbygd opplevingane i teatersalen og har gjort teaterbygget til eit levande hus.

Vi har framleis to faste arenaer. Plassen i Molde og Arbeideren i Ålesund. Leiinga, teknikarane våre og sals- og marknadsavdelinga reiser difor jamt fram og tilbake. Det er vår oppleveling at vi i 2015 har greidd å binde saman desse to avdelingane tettare.

Vi har halde fram å turnere i heile Møre og Romsdal. Vi har oppfylt målsetninga vår om å tilby 4 fullskala produksjonar årleg til fylkets ti største kulturhus og 2 mindre produksjonar årleg til dei små samfunnshusa. Vi

har eit godt samarbeid med arrangørane våre og har to årlege arrangørdagar med dialogmøter, fagleg påfyll og orientering om repertoaret.

Jobben med å utvikle publikum med fokus på tre utvalde målgrupper held fram. Det er som nemnd i tidlegare rapportar eldre, heimflyttarane og barn- og ungdom vi prøver å gje skreddarsydde tilbod til.

Samarbeid med dei andre institusjonane på Plassen har skapt synergি i kulturlivet. Teatret Vårt har som den største aksjonæren i fellesskapet teke rolla som storebror, og teatret sine teknikarar og utstyrsparken vår blir brukt av dei andre institusjonane i tilknyting til publikumsarrangement. Teatret tek på seg administrative oppgåver for kulturygget og koordinerer både kunstnarleg- og teknisk drift.

Teatret Vårt var i 2015 ramme rundt mange ulike eksterne arrangement. DKS brukte oss som ein av visningsarenaene under Kulturtorget, og vi er framleis arena for Ungdomens Kulturmønstring. Vi er framleis regionansvarleg for DUS og hadde i 2015 lagt dette arrangementet til Barneteatret Vårt i Ålesund. Fleire private leietakrar brukte våre fasilitetar.

Publikumsstatistikken vår viser ein tilbakegang til nivået vi var på i 2014. Dette skuldast i hovudsak ein tilbakegang for besøket på Barneteatret Vårt. At DKS ikkje valde våre framsyningar til skuleturneane i fylket kan ein sjå resultatet av på statistikken vår



Vivi Sunde i Århundrenes legende av Victor Hugo

FOTO: ARILD MOEN

og er vel den største skuffelsen i 2015. Samstundes var 2014 eit særskilt positivt år for Barneteatret Vårt der ein tilbakegang i det opne salet var venta.

På Barneteatret Vårt har vi gjennomført eit leiar-skifte der ny kunstnarleg leiar er Cecilie Lundsholt. Vi er ferd med å sette opp lang-siktige strategiske mål for Barneteatret Vårt, og det er målet vårt å bruke dei neste 3 år på etablere Barneteatret Vårt som eit nasjonalt kompetansesenter for profesjonell scenekunst for barn og ungdom.

Vi held fram det europeiske nettverkssamarbeidet Platform SHIFT+ som fokuserer på

bruk av ny teknologi og vil forske i den digitale kvardagen til 14-åringar. Vi har forplikta oss til å skape ei rekke samproduksjonar med fleire av dei 9 europeiske teatra i nettverket og arbeider saman med Universitetet i Agder som også deltek i nettverket. Kunstnarleg sett er vi veldig stolte over 2015 som vart eit år med heile fem urpremierar og ein norgespremiere.

Årets første premiere 6. februar var Simon Stephens si dramatisering fritt etter Mark Haddons roman **Det merkelege som hende med hunden den natta**. Trond Lie iscenesette og det var stas at Axel Gehrken Bøyum hadde sin profesjonelle



Storywell Terje Venaas,  
Gunnar Bech og Torstein  
Fuglseth i Vi bare spøker  
av Noel Coward

FOTO: ARILD MOEN

scenedebut hos oss på Teatret Vårt. Publikum strauma på for å sjå denne rørande og moderne framsyninga satt i eit moderne teaterspråk. Både veneforeininga og privat næringsliv ga til saman 103.000,- til billettfondet vårt så vi kunne invitere skoleungdom på teater. Framsyninga var på kulturhusturne i fylket.

Barneteatret Vårt har sidan starten i 2010 utvikla ny dramatikk for barn og unge. Også i 2015 har vi satsa på ny dramatikk, først med framföringa **Mannen i pappesken** i regi av Andy Manley som hadde premiere 28. februar. Framsyninga fekk fleire terningkast 5, og var ei varm, rørande

og humoristisk historie som handla om å vinne over redsla for det som skremmer oss. 'En liten perle i pappeska' skreiv Romsdals Budstikke etter premiera 28. februar. Skodespelarane Jonas Delerud og John Sigurd Kristensen gjorde stor suksess på turne i heile fylket. Stykket var lagd for barn mellom 5 og 8 år.

I samanheng med at Andy Manley sette opp **Mannen i pappesken**, nytta teatret anledninga til å sette opp igjen teaterstykket **Hvit**. Stykket hadde premiere i 2012, med den same regissøren og dei same skodespelarane som i Mannen i pappesken. Framsyninga fekk den gong fleire terning-

kast 6, og vart omtala som 'Eksistensielt barneteater' og 'Fortryllende om fremmedfrykt'. Vi er stolte av å treffe så godt med å behandle vanskelege tema for dei aller minste. Fordi teaterstykket kunne turnere våren 2015 på same tid som **Mannen i pappesken**, kunne vi tilby framsyninga til mange av dei publikummarane som ikkje fekk sett stykket førre runde. Målgruppa her var 2 – 4 år.

Vi avslutta våren med eit samarbeid mellom Barneteatret Vårt og Fagerlia vidaregåande skule. Avgangselevar ved dramalinja møtte profesjonelle skodespelarar frå Barneteatret Vårt, og framsyninga **Heksejakt** av Arthur Miller vart spela som ei stadsspesifikk framsyning i det nyrenovertte Avholdshjemmet i Ålesund. Her blei massesuggesjon og makt utforska i regi av Jon Tombre og Endre Volden. Ei framsyning for og med ungdom, som er Barneteatrets referanseproduksjon i EU samarbeidet Platform Shift +. Mette Karlsvik skreiv ny tekst til framsyninga og Even Børsum var scenografisk konsulent. Prosjektet fikk støtte frå Norsk Kulturråd og Fritt ord.

I mars 2015 arrangerte vi for 5. gong **Teaterfest** i samarbeid med Teatrets Venner og presenterte seks særslig ulike gjestespel. Riks-teaterbesøk med **Natten er dagens Mor** var først ute. Valborg Frøysnes og Hika Fe-kede Dugussa viste deira performance **Archiv 1,336-1,337**. Ane Dahl Torp og Sjur Miljeteig viste **Haugtussa**. Eva Mørkeset viste framsyninga **Oda, satans kvinne** om Oda Krogh. Stand-up framsyninga til Dora

Thorhallsdottir **Det var ikkje sånn det skulle bli** bidrog med endå ein sjanger på programmet. Med Ingri Fiksdal si danseframsyning **BAND** fikk teaterfesten endå ein dimensjon.

Teatret Vårt hadde lagt Norgespremieren på sin eigen produksjon **Pusterom** til Teaterfesten. Det var 21. mars publikum for fyrste gong kunne oppleva Terje Skonseng Naudeer sin fine og menneskekloke framsyning. Line Heie Hallem og Lars Melsæter Rydjord imponerte med kammerspill i særklasse. Det vart ein særslig rørande og sterkt framsyning om eit ungt par som må bestemme seg for om dei vil satse på framtida og få barn, sjølv om framtidsperspektiva er dystre. Grete Kleppen hadde oversett teksten som er skriven av Duncan Macmillan.

22. august hadde vi igjen urpremiere på Teatret Vårt. Regissør Tormod Carlsen hadde skapt ei historie om ein festkomité i eit samfunnshus som set seg føre å syne fram **Århundrenes legende** av Bjørnstjerne Bjørnson. Scenograf var Karin Gille. Framsyninga spela under Bjørnsonfestivalen og på Teaterfestivalen i Ålesund. Framsyninga var eit kunstnarleg høgdepunkt og eit flott eksempel på at eksperimenterande kunst kan vere humoristisk, jovial og tilgjengeleg. Teatrets veneforeining og privat næringsliv vart sjarmert og gav til saman 94.000,- til billettfondet vårt så det kunne gjennomførast ei rekke skuleframsyningar.

12. september var det urpremiere **Konglesugeren** på Barneteatret Vårt. Eva Mørkeset hadde dramatisert Bjørn F. Rørvik si

barnebok. I same universet som blei skapt rundt framsyninga **Prikkesyken** frå 2011 møtte vi igjen venene reven og grisen som denne gongen kasta seg ut i forviklingar med naboenes konglesugar. Astrid Overaa hadde regien og Sveinung Oppegård spela Papp den rettmessige innehavar av konglesugaren, medan Morten Anda Berg og Hans Norman Røine spela grisen og reven. Det var Märta Fallenius som var scenograf. Vi turnerte i fylket i store kulturhus, men dverre levde ikkje salet opp til forventningane. Stykket vart av pressen omtala som Et surrealistisk friminutt, Moralfri og sprelsk moro, og kritiker Elisabeth Solvang skreiv etter urpremieren 12. september at 'Bearbeidelsen av Rørviks tekst til teater er svært godt gjort. Så bra at jeg mener teateret er bedre enn boka'.

Folkemusikar Britt Elise Skram og folkedansar Anna Liv S. Gjendem som hadde motteke fylket sitt kulturstipend for ein ide om utvikle ei interaktiv danseframsyning ynskte å samarbeide med Teatret Vårt. Vi bidrog med regissør Elisabeth Topp og lyddesignar Jonas Høgseth på prosjektet **Eg visste ikkje du kunne danse**. Urpremieren var på Myra Kulturhus på Vestnes 3. oktober. Framsyninga spela på turne i samfunnshus i heile fylket. Ei moderne lydcollage fikk oss først til å reflektere over dansens kraft over kroppen og eit interaktivt regigrep fekk oss seinare til å kjenne det på kroppen sjølv. Mot slutten av året hadde teatersjefen sjølv regi og scenografi på Noel Cowards komedie **Vi bare spøker**. Ensemblet skapte ei rekke morosame karakterar godt hjulpen på veg av Cårejånni Enderud sine parykkar

og masker. Den absurde farsen fekk passande omtale iavisene som Frå Downton Abbey til Hotell i særkasse. Framsyninga hadde premiere på Parken Kulturhus i Ålesund 4. november og spela etter det i fylkets 10 største kulturhus før den kom til Molde. Her spela den fram til jul. Det blei selt julebord i samband med framsyninga.

Også i 2015 vart det eit stort samarbeid med Molde Kulturskule og Istad Aktiv om nypremiere på juleframsyninga **Snekker Andersen og Julenissen**. Teatersjefen sette opp si eiga dramatisering. Som året før var Steinar Raknes med live og spelte sin eigenkomponerte musikk til framsyninga. I alt 60 barn spelte side om side med skodespelarane Bjørnar Lisether Teigen, Gøril Haukebø og Morten Anda Berg. Framsyninga rørte publikum for andre året på rad, og knytte saman generasjonane. Ein privat anonym givar gav 25.000 i gåve så alle fosterbarn og familiene deira kunne gå på teater saman.

Teatret har i tillegg vore vertskap for **DUS – den unge scenen**. Målet er å stimulere og heve nivået på produksjonen av ungdomsteater i Norge. I løpet av tre dagar, fredag 6. februar til søndag 8. februar, spela heile 7 ungdomsgrupper sine framsyningar på teatret. Ungdom frå heile fylket i alderen 13 til 19 år spela for kvarandre, deltok på kurs og overnatta på teatret. I tillegg til det store produksjonsvolumet vårt er det gjennomført ei lang rekke andre arrangement på Teatret Vårt. Statistikken syner at sidescenearrangement har trekt 4179 publikummarar i 2015. Denne stati-



## MANNEN I PAPPESKEN

av Andy Manley

Regi Andy Manley  
Scenografi Märta Fallénius  
Lysdesign Jonas P A Fuglseth  
Musikk Bjørnar Myhr

Med Jonas Delerud og John Sigurd  
Kristensen

Urpremiere 28. februar 2015 på  
Barne teatret Vårt, Arbeideren, Ålesund

Forestillinger: 34  
Publikum: 1613

stikken dekkjer over veldig ulike arrangement som går frå quizkveld med lav terskel til foredrag om teatervitskap eller politisk debatt.

### **Nye visjonar for Barneteatret Vårt**

2015 har vore eit år for utvikling og nye visjonar på Barneteatret Vårt. Teatret tilsette ny kunstnarleg leiar som byrja i stillinga 1. august 2015, og har jobba aktivt med å utvikle ein ny strategiplan, finne samarbeids-partnarar og sette ny kurs.

I 2015 har vi berre hatt moglegheit til å sette opp to nye framsyningar. Dette gjer at det tek lang tid mellom kvar gong dei ulike målgruppene våre får oppleva teater. Vi ser behovet av å gi våre målgrupper kontinuitet, og som det einaste regionteatret i Noreg som har vald ein modell for organisering med ei tung satsing på barn og unge frå 0 – 15 år, ser vi også på det som vår oppgåve å bygge kompetanse, og har som mål å vere attraktive samarbeidspartnarar både lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

Frå 2016 samarbeider vi med Norsk skuespillersenter og Seanse i Volda både om kurs, kompetanseheving, forsking og seminar. Eit langsiktig mål er å kunne produsera 4 framsyningar i året, tilby gjestespel frå både lokale, nasjonale og internasjonale aktørar og å skape rom der scenekunstnarar kan utvikla nye prosjekt. Vi har satsa på ny dramatikk, som er dyrare å produsere og vanskelegare å selje enn dei gamle, kjende barnebokklassikarane frå 50, 60 og 70 – talet. Ei forlenging av dette arbeidet er sam-

arbeid med Dramatikkens Hus som vi har byrja ein dialog med i haust. Som regionteater for barn og unge med målgruppe frå 0 – 15 år, er det ei utfordring å ikkje ha tettare dialog og samarbeid med den kulturelle skulesekken. Publikumstala for 2015 speglar også dette, og vi arbeider for å få ein tettare dialog med Den Kulturelle Skulesekken.

Vi har blitt spurde og takka ja til å vere med i det spanande EU-prosjektet Platform Shift +, der 10 leiande kompani og teater frå heile Europa saman skal utforske korleis vi når ut til ungdom samstundes som vi utforskar korleis ein kan nytte ny teknologi både i framsyningar og marknadsføring for målgrupper frå 14 år og oppover.

Barneteatret Vårt har base i Arbeideren, eit gammalt bygg i jugendstil frå 1906. Huset vart i si tid bygd av Arbeiderforeininga, og er ei blanding av festlokale og samfunnshus. I dag er dette eit av Ålesund kommunens to kulturhus. Utfordringane med å ha lokale i eit verneverdig bygg er også noko vi skal takle i tida framover. Vi ynskjer å utvikle dette til eit levande kulturhus for barn og unge i vår region.

Budsjettauken på 1 million øyremerka Barneteatret Vårt, gjer at vi i 2016 så smått kan byrje å auke produksjonen som vi lenge har hatt som målsetting å gjera, samt setje i verk tiltak som vil gje større kontinuitet til barn og unge i vårt fylke.



## HEKSEJAKT

av Arthur Miller

Regi **Endre Volden** og **Jon Tombre**  
Dramaturg/tekstforfatter **Mette Karlsvik**  
Visuelt konsept **Even Børsum** Lysdesign  
**Marianne Thallaug Wedset** Komponist/  
skuespillere **Mia Marlen Berg** og  
**Sondre Pettersen**

Med **Marie Longva Danielsen**, **Marte Fjørtoft**, **Synne Vindenes Alnes**,  
**Christopher Hurlen**, **Kornelia Melsæter**, **Elisabeth Skog**, **Camilla Viken**, **Kamilla Uri Standal**, **Emma Øverås**, **Helene Furø**, **Else Marie Frafjord**, **John Sigurd Kristensen** og  
**Jonas Delerud**

Barnefeatret Vår  
Première 7. mars 2015  
Avholdshjemmet, Ålesund

Forestillinger: 10  
Publikum: 498



## KUNSTEN Å SMILE

av Bjørnar Lisether Teigen


Tekst og regi **Bjørnar Lisether Teigen**  
Scenografi **Mari Watn**  
Med **Jon Arne Arnseth**

Première 9. oktober 2015 på Teatret  
Vårt, Molde.


Forestillinger: 8  
Publikum: 302

# TEATERMAGASIN

Våren 2015



Høsten 2015







## VI BARE SPØKER

av Noel Coward

Regi og scenografi **Thomas Bjørnager**  
Parikk og maske **Cårejánni Enderud**  
Lysdesigner **Finn Landsberg**

Musikere **Gunnar Bech, Terje Venaas**  
og **Torstein Fuglseth**


Med **Vivi Sunde, Lars Melsæter**  
**Rydjord, Melina Tranulis, Line Heie**  
**Hallem, Hugo Mikal Skár, Marte**  
**Stolp** og **Hanne-Marte Sørlie**

Teatret Vårt  
Première 4. november 2015  
på Teatret Vårt, Molde.

Forestillinger: 28  
Publikum: 1999

# RESULTATREKNESKAP

	NOTE	2015	2014
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>			
Billett- og programsal	3	2 335 378	2 214 972
Salg Kafé Kurt		3 448 751	3 314 188
Andre inntekter		3 078 833	2 975 455
Driftstilskott	43	714 592	43 475 445
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>52 577 553</b>	<b>51 980 059</b>
<b>DRIFTSKOSTNADER</b>			
Varekjøp Kafé Kurt		1 512 809	1 258 937
Kostnader arbeidskraft	4	27 161 718	28 611 375
Materialkostnader		912 674	1 001 663
Sal- og informasjonskostnader		1 756 961	1 705 062
Kostnader lokale		9 241 618	9 409 717
Uttstyrskostnader		275 632	213 393
Avskrivningar på varige driftsmidler	5	776 123	681 010
Andre driftskostnader		10 466 120	9 687 575
<b>Sum driftskostnader</b>	2	<b>52 103 656</b>	<b>52 568 732</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>473 897</b>	<b>-588 672</b>
<b>FINANSINNTEKT/-KOSTNAD</b>			
Anna renteinntekt		103 608	163 919
Anna finansinntekt		59 062	96 583
Anna rentekostnad		7 849	7 302
Anna finanskosnad		83 958	126 628
<b>Resultat av finansielle postar</b>		<b>70 863</b>	<b>126 572</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>544 760</b>	<b>-462 101</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>544 760</b>	<b>-462 101</b>
<b>Opplysninger om:</b>			
Avsett til anna eigenkapital		544 760	0
Overført frå anna eigenkapital		0	462 101
<b>Sum disponert</b>		<b>-544 760</b>	<b>462 101</b>



## PUSTEROM

av **Duncan MacMillan**  
Oversettelse **Grete Kleppen**

Regi **Terje Skonseng Naudeer**  
Lysdesign **Finn Landsberg**

Med **Lars Melsæter Rydjord** og **Line Heie Hallem**

Teatret Vårt  
Norgespremiere 21. mars 2015

Forestillinger: 34  
Publikum: 1197

# BALANSE

	NOTE	2015	2014
<b>EIENDELAR</b>			
<b>ANLEGGSMIDLAR</b>			
<b>Varige driftsmidlar</b>			
Driftslausøyre, inventar o.a. utstyr		3 589 410	3 445 889
<b>Sum varige anleggsmidlar</b>	5	<b>3 589 410</b>	<b>3 445 889</b>
<b>Finansielle anleggsmidlar</b>			
Investeringer i tilknytta selskap	9	426 000	426 000
Lån til tilknytta selskap		1 250 298	2 658 587
Investeringar i aksjar og andelar	9	41 000	41 000
Andre langsigtige fordringar		695 306	625 396
<b>Sum finansielle anleggsmidlar</b>		<b>2 412 604</b>	<b>3 750 983</b>
<b>Sum anleggsmidlar</b>		<b>6 002 013</b>	<b>7 196 872</b>
<b>OMLØPSMIDLAR</b>			
Varar		189 989	216 609
<b>Fordringar</b>			
Kundefordringar		1 110 649	1 474 295
Andre kortsiktige fordringar		1 005 493	520 296
<b>Sum fordringar</b>		<b>2 116 142</b>	<b>1 994 590</b>
Bankinnskott, kontantar o.l.		6 856 842	5 696 361
	8		
<b>Sum omløpsmidler</b>		<b>9 162 973</b>	<b>7 907 560</b>
<b>SUM EIGENDELAR</b>		<b>15 164 986</b>	<b>15 104 432</b>

# BALANSE

## EIGENKAPITAL OG GJELD

NOTE

2015

2014

### EIGENKAPITAL

#### Innskott eigenkapital

Aksjekapital		600 000	600 000
<b>Sum innskott eienkapital</b>	<b>6,7</b>	<b>600 000</b>	<b>600 000</b>

#### Opprett eigenkapital

Anna eigenkapital	6	5 361 510	4 816 750
<b>Sum opprett eigenkapital</b>		<b>5 361 510</b>	<b>4 816 750</b>
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>5 961 510</b>	<b>5 416 750</b>

### GJELD

Andre avsetninger for forpliktelser		674 955	494 661
<b>Sum avsetninger for forpliktelser</b>		<b>674 955</b>	<b>494 661</b>

#### Kortsiktig gjeld

Leverandørgjeld		336 482	656 988
Skuldig offentlege avgiftar		1 893 560	2 182 469
Anna kortsiktig gjeld		6 298 479	6 353 564
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>8 528 521</b>	<b>9 193 021</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>9 203 476</b>	<b>9 687 682</b>

**SUM EIGENKAPITAL OG GJELD** **15 164 986** **15 104 432**

Molde 26. april 2015

Bodil Hollingsæter  
styreleiar

Per Kåre Trengereid  
nestleiar

Kjersti Løge  
styremedlem

Janne Kvamme  
styremedlem

Bjørnar Liether Teigen  
styremedlem

Leon Aurdal  
styremedlem

Knut Anders Oskarson  
styremedlem

## ÅRHUNDRENES LEGENDE

av Victor Hugo

Gjendiktet av **Bjørnstjerne Bjørnson**

Regi og ide **Tormod Carlsen**

Scenografi og

kostymedesign **Karin Gille**

Med **Lars Melsæter Rydjord, Vivi Sunde, Bjørnar Liseither Teigen, Hugo Mikal Skår, Nasrin Khusrawi**

Première 22. august 2015 på

Teatret Vårt

Forestillinger: 21

Publikum: 1690



# NOTAR

## NOTE 1

### REGNSKAPSPrINSIPPER

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små føretak.

Desse rekneskapsprinsipp er brukt: Inntekter blir resultatført etter kvar einskildt framsyning. Kostnader medtas etter sammenstillingsprinsippet, dvs. at kostnader tas med i same periode som tilhøyrande inntekt resultatføres.

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel/langsiktig gjeld.

Omløpsmiddel er vurderte til lågaste av innkjøpskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmiddel er vurderte til innkjøpskostnad, men blir nedskrivne til virkelig verdi dersom ein ikkje forventar at verdifallet er for-

bigåande.

Kundefordringar og andre fordringar er førde i balansen til pålydande. Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei einskilde fordringane. Det er ikkje gjort avsetjing til eventuelle tap pr 31.12.

Varige driftsmiddel blir balanseførde og avskrivne lineært over forventet økonomisk levetid.

Aksjar og andeler i datterselskap og tilknytta selskap er oppført til anskaffelseskost, justert for eventuell varig nedgang i verdi.

Varer vurderes til det laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi.

Pensjonsforpliktingar er ikkje balanseført. Kostnaden er lik premien.

## NOTE 2

### TURNÉUTGIFTER

	2015	2014
Lønsrelaterte kostnader	1 226 286	1 905 658
Husleige, arr.honorar m.m	715 138	487 175
Transport og bilhald	573 460	509 097
Hotel	781 690	620 287
Annonsering på turné	345 045	505 292
<b>Sum turneutgifter</b>	<b>3 641 619</b>	<b>4 027 509</b>

Turneutgiftene er definert som utgifter direkte knytt til turnèverksemd. Ordinær løn i turnèperioden er tildømes ikkje medrekna, men kostnader til turnètillegg, diett m.m. som direkte kan knytast til turnèverksemd.

### **NOTE 3 BILLETTINNTEKTER 2015**

Det merkelege som hende med hunden den natta	648 931
Snekker Andersen og Julesnissen	332 715
Konglesugeren	273 375
Gjestespill	219 141
Vi bare spørker	187 955
Århundrenes legender	171 750
Pusterom	128 791
Mannen i pappesken	102 410
Hvit	101 340
Eg visste ikkje du kunne danse	57 130
Tideverv	56 520
Barnlige Lyst	40 210
Kunsten å smile	15 110

### **NOTE 4 LØNSKOSTNADER**

Lønskostnader består av følgende poster:

	2015	2014
Løningar	20 383 214	21 213 097
Folketrygdavgift	3 161 539	3 361 702
Pensjonskostnader	1 788 951	2 393 387
Andre lønnskostnader	1 828 014	1 643 189
<b>Sum</b>	<b>27 161 718</b>	<b>28 611 375</b>

Gjennomsnittlig antall ansatte	41,5	45,5
-----------------------------------	------	------

Ytelser til ledende personer:

	Teatersjef	Styret
Lønn	833 530	127 800
Annен godtgjørelse	143 226	

Kostnad til revisor kr. 39 500- til pliktrevisjon. I tillegg kjem honorar for bistand årsrekneskap med kr 12 500,- og anna bistand kr 2 500,-. Tal er utan mva.

Teatret Vårt har ordinær tariffesta tenestepensjonsordning og AFP gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse. Pensjonsforpliktelser er ikke balanseført.

## **NOTE 5 VARIGE DRIFTSMIDLER**

	Bilar	Maskiner, inventar	Totalt
Anskaffelseskost 1.1.	1 509 711	7 003 367	8 513 078
Tilgang i løpet av året		919 644	919 644
Avgang i løpet av året			
Akkumulerte avskrivninger	945 722	4 897 590	5 843 312
Bokført verdi 31.12.	563 989	3 025 421	3 589 410
Årets avskrivninger	76 144	699 979	776 123
Avskr.tid	10 år	10 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	

## **NOTE 6 EGENKAPITAL**

	Aksje- kapital	Annan EK	Sum
Egenkapital pr. 01.01.	600 000	4 816 750	5 416 750
Årsresultat		544 760	544 760
Egenkapital pr. 31.12.	600 000	5 361 510	5 961 510

## **NOTE 7**

### **ANTALL AKSJER, AKSJEEIERE M.V.**

Selskapets aksjekapital på kr 600 000,- består av 300 aksjer à pålydende kr. 2 000,-. Alle aksjer har lik stemmerett.

Selskapets aksjonærer er:	Antall	Eigerandel
Møre og Romsdal fylke	132	44%
Molde kommune	132	44%
Ålesund kommune	24	8%
Noregs Ungdomslag,		
Møre og Romsdal	12	4%
Sum	300	100%

## **NOTE 8**

### **BUNDNE MIDLER**

Av selskapets bankinnskudd utgjør bundne skattetrekksmidler kr 904 864,-.

## **NOTE 9**

### **FINANSIELLE ANLEGGMIDLAR**

	2015	2014
Stiftelsen Bjørnsonfestivalen	30 000	30 000
Stiftelsen Ålesund Teaterfestival	3 000	3 000
Stiftelsen Schwittersdagene	5 000	5 000
Molde Sentrum AS	3 000	3 000
Molde kulturbygg AS	426 000	426 000
Eigenkapitalinnskudd KLP	512 214	456 587
Sum	979 214	923 587

### **Tilknytta selskap**

Selskapet har eierandel i følgende selskaper:	Forretningskontor	Eigerandel	Selskapets egenkapital	Selskapets resultat
---	-------------------	------------	------------------------	---------------------

Molde Kulturbygg AS	Molde	43%	- 5 076 446	- 1 600 955
---------------------	-------	-----	-------------	-------------

### **Mellomværende med tilknytta selskap**

	2015	2014
Langsiktig fordring, lån	1 250 298	2 191 649
Kundefordring	610 867	259 936
Leverandørgjeld		5 388

## **NOTE 10 PERIODISERINGAR OG KORTSIKTIG GJELD**

Diverse forskottsbetalte kostnader i 2015 som er aktivert og vil bli regnskapsført på år 2016 er kr 426 412.

Forskottsbetalte inntekter i 2015 som er aktivert og vil bli regnskapsført i 2016 er:

FoU midlar som støtte til samarbeidsprosjektet «All verden er en scene». Der prosjektet omhandlar teaterscena som arena for folkeopplysning og bearbeiding av erfaring med demenssjukdom. Teatret bidrog med framsyninga «Vår underfulle verden».

kr 97 083,-

Billettsal for Riksteatret og andre gjestespel våren 2016 kr 213 810,-

Saldo opptente inntekter for teatrets venner som er utgiftsført i 2015. kr 116 475,-

Avsett til tariffregulering lønn og feriepengar for utbetaling i 2016 kr 2 487 265,-

Forskottsbetalt husleigetilskott frå Møre og Romsdal fylkeskommune kr 2 080 800,-

Ikkje inntektsført husleigetilskott frå Møre og Romsdal fylkeskommunen tilsvarande 5 månader i 2012 kr 876 633,-



## EG VISSTE IKKJE DU KUNNE DANSE

Interaktiv danseframsyning basert på  
folkemusikk og dans frå Romsdal

Dramaturgi og regi **Elisabet Topp**  
Kunstnerisk konsulent **Cecilie  
Lundsholt** Lys **Jonas P. A. Fuglseth**  
Lyd **Jonas Høgseth**

Musiker **Britt Elise Skram**  
Danser **Anna Liv Skjelten Gjendem**

Teatret Vårt  
Urpremière 3. oktober 2015  
Myra kulturhus, Vestnes

Forestillinger: 17  
Publikum: 595



A dramatic photograph of a man with a straw hat, wearing a white tank top and brown overalls. He has extensive tattoos on his arms and chest. He is holding a large, shiny, metallic, ribbed tube or horn-like object. His hair is flying in the wind, and he has a distressed expression. The background is a painted backdrop of a forest scene.

## KONGLESUGEREN

av **Bjørn F. Rørvik**  
Dramatisert av **Eva Eklöf Mørkeset**

Regi **Astrid Overaa**  
Scenograf **Märta Fallénus**  
Komponist/musikk **Bjørnar Myhr**  
Lysdesign **Jonas P. A. Fuglseth**  
Maske **Jorunn Askeland**

Med **Morten Anda Berg, Hans Norman Reine og Sveinung Oppegaard**

Barneteatret Vårt  
Première 12. september 2015

Forestillinger: 48  
Publikum: 3193

# REVISJONSmelding



Tlf: +47 71 23 24 00  
Fax: +47 71 23 22 21  
www.bdm.no  
D grt. 991 606 622 M03

Besøkstid: 09.00  
Kontorlokale:  
Sverdrupsbak 15  
5802 Molde

Til generaldirektøren:  
AS Regionteatret i Møre og Romsdal

## REVISORS BERETNING FOR 2015

### Uttalelse om årsregnskapet

Vi har covidert årsregnskapet for AS Regionteatret i Møre og Romsdal som viser et overskudd på kr 544 760,-. Årsregnskapet baserer av salante per 31. desember 2015, resultatregnskap for regnskapsåret avgjort; denne datoen, og en rekkevisse avsetning avrundet regnskapsperioden og andre ressursoppbygningene.

### Syntrets ansvaret for årsregnskapet

Syntret er ansvarlig for årsregnskapet, og for at det gir et relativt korrekt bilde i samsvær med regnskapslovens regler og god regnskapskunst i Norge, og for slik intern kontroll som støtter nedenfor nødvendig for å tillegges etterskrift til årsregnskapet som ikke innbefatter vesentlig feil i informasjon, verken som følge av mislykkes eller feil...

### Revisors oppgave og pliktene

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samvær med lov, lovfattet og god revisjonsplikt i Norge, nærmere i henhold til Standards of Auditing. Revisjonskontoret mener at vi etter overenskommelse og planlegget har gitt nemmehar revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebefatter utredning av handlings- og tekniske prosedyrer for å sikre god oppbyggning i årsregnskapet. De valgte teknikkene avhenger av revisjonslovene, hvordan ordningen er tilkoblet for å sikre god oppbyggning, samt de spesielle miljøene eller "risikoene". Ved en slik utredning har vi også mottatt et den «sikre kontrollen» som vi «heller» for å sikreres at årsregnskapet ikke inneholder vesentlige feil i informasjonen, men ikke for å gi uttrykk for en mening om årsregnskapets teknikk og regnskapspraksis vi ikke kan si om. En revisjon innebefatter også en vurdering av om de «krevide» regnskapspraksis vi leser konseptet om regnskapsutviklingen tilstrekkelig avledes er rimelige, sett et vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innimoten revisjonskontoret tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

### Konklusjon

Efter vår mening er årsregnskapet avgjort i samsvar med lov og forskrifter og gir et relativt korrekt bilde av den økonomiske stillingen til AS Regionteatret i Møre og Romsdal, per 31. desember 2015 og resultater for regnskapsåret som ble avgjort; per denne dato i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapskunst i Norge.

Salget av denne revisjonsmeldingen BDO har ikke fått noen eksplicit tillatelse til å markedsføre denne meldingen. Det er ikke tillatt å kopiere denne meldingen uten tillatelse fra BDO.



Nr. 2 av 2

### Uttalelse om øvrige forhold

#### Monitorkjemi om årsregnskapet for AS Regionteatret i Møre og Romsdal

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrives ovenfor, mener vi at opplysingene i beskrivningene om årsregnskapet og funnene om forsiktig drift, er konsistente med årsregnskapet og er sammensatt med lov og forskrifter.

#### Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrives ovenfor, og kontrollhandlinger vi har foretatt, nødvendig i henhold til standard for årsregnskapsopprettelse (IFAC) 3000 "Attestasjonsopprettelse som ikke er revisjon eller kontroll revisjonskontoret av historisk finansiel informasjon", mener vi at redaksjonen har oppført sin plikt til å sege for nøyaktig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsoppbyggninger i henhold med lov og god dokteringskunst i Norge.

Asbjørn, 20.01.2016  
BDM.no  
6501  
Statssertifisert revisor

IFAC Attestasjonsopprettelse (IFAC) 3000 - Attestasjonsopprettelse som ikke er revisjon eller kontroll revisjonskontoret av historisk finansiel informasjon

# STATISTIKK 2015

<b>Eigenproduksjonar</b>	<b>Framsyningar</b>	<b>Publikum</b>
Tideverv	9	355
Det merkelege som hende med hunden den natta	36	6079
Eg visste ikkje du kunne danse	17	595
Hvit	28	1243
Konglesugeren	48	3193
Kunsten å smile	8	302
Mannen i pappesken	34	1613
Pusterom	34	1197
Vi bare spøker	28	1999
Århundrenes legende	21	1690
Sidescenearrangement	61	4179
Snekker Andersen og Julenissen	25	3681
Steinar snekrer julekonsert	1	67
<b>SUM EIGENPRODUKSJONAR</b>	<b>350</b>	<b>26 193</b>
<b>Samproduksjonar</b>		
Heksejakt	10	498
Pop Vi	2	255
t25 unge talenter tar Plassen	1	121
Du store alpakka	2	223
<b>SUM SAMPRODUKSJONAR</b>	<b>15</b>	<b>1 097</b>
<b>Gjestespel</b>		
Riksteatret	10	2 057
Gjestespill	16	2 447
<b>SUM GJESTESPEL</b>	<b>26</b>	<b>4 504</b>
<b>SUM TOTALT</b>	<b>391</b>	<b>31794</b>

## NØKKELTAL

### Framsyningar og billettinntekter

Publikum	31 794
Framsyningar	391
Billettinntekter	2 335 378
Tilskott for DKS turnéar	0
Gj.snitt inntekt pr. billett inkl DKS	73,50

### Tilskott

Kulturdepartementet	27 209 000
Kulturdepartementet (husleige)	2 492 000
Møre og Romsdal fylkeskommune	5 830 000
Møre og Romsdal fylkeskommune (husleige)	2 140 000
Møre og Romsdal fylkeskommune Kreativ Arena Plassen	213 000
Molde kommune	5 039 000
Ålesund kommune	792 000
Kulturdepartementet Elevbesøk i inst.	311 000
<b>Samla tilskott</b>	<b>44 026 000</b>

## STØTTA AV



Møre og Romsdal  
fylkeskommune



MOLDE KOMMUNE



ÅLESUND KOMMUNE

## GENERALSPONSOR



SPAREBANKEN MØRE

## HOVUDSPONSORAR



Romsdals Budstille

Sunnmørsposten

## ØKONOMISK RESULTAT

	2015	2014	2013
<u>Inntekter:</u>			
Billettsal	2,3	2,2	2,1
Kafé	3,5	3,3	3,6
Anna	3,1	3,0	2,9
Tilskott	43,7	43,5	41,1
Sum	52,6	52,0	49,7
<u>Kostnader:</u>			
Drift	52,1	52,6	49,2
Finansk.	0	-0,1	-0,1
Ekstraord.	0	0,0	0,0
Sum	52,1	52,5	49,1
Resultat	0,5	-0,5	0,6
Eigenkapital pr 31.12			
Sum	6,0	5,4	5,3



## SNEKKER ANDERSEN OG JULENISSEN

av Alf Prøysen

Idé, bearbeidelse, regi og  
scenografi **Thomas Bjørnager**  
Musikk/komponist **Steinar Raknes**  
Animator **Andreas Paleologos**  
Lysdesign **Jonas P A Fuglseth**

Med **Bjørnar Lisether Teigen, Gøril Haukebø, Morten Anda Berg** og  
elever ved Molde kulturskole

Teatret Vårt  
Première 1. desember 2015

Forestillinger: 25  
Publikum: 3681



# REPERTOAR 2015



## DET MERKELEGE SOM HENDE MED HUNDEN DEN NATTA

av Simon Stephens, fritt etter Mark Haddon sin roman Omsetjing Jon Fosse

Regi og bearbeiding Trond Lie Språkkonsulent Gunhild Kvangarsnes Lysdesign Jonas P A Fugleseth Scenografi Thomas Bjørnager Scenografi-assistent og illustratør Mari Watn

Med Axel Gehrken Bøyum, Nasrin Khusrawi, Bjørnar Lisether Teigen, Nina Andreassen, Anne E. Kokkinn, Lars Sørbe, Vivi Sunde, Hugo Mikal Skår

Teatret Vårt  
Première 6. februar 2015

## MANNEN I PAPPESKEN

av Andy Manley

Regi Andy Manley  
Scenografi Märta Fallénus  
Lysdesign Jonas P A Fugleseth  
Musikk Bjørnar Myhr

Med Jonas Delerud og John Sigurd Kristensen

Barneteatret Vårt  
Urpremiere 28. februar 2015

## PUSTEROM

av Duncan MacMillan  
Oversettelse Grete Kleppen

Regi Terje Skonseng Nauddear  
Lysdesign Finn Landsberg

Med Lars Melsæter Rydjord og Line Heie Hallem

Teatret Vårt  
Norgespremiere 21. mars 2015


## HEKSEJAKT

av Arthur Miller

Regi Endre Volden og Jon Tombre Dramaturg/tekstforfatter Mette Karlsvik Visuelt konsept Even Børsum Lysdesign Marianne Thallaug Wedset Komponist/skuespillere Mia Marlen Berg og Sondre Pettersen

Med Marie Longva Danielsen, Marte Fjørtoft, Synne Vindenes Alnes, Christopher Hurlen, Kornelia Melsæter, Elisabeth Skog, Camilla Viken, Kamilla Uri Standal, Emma Øverås, Helene Furø, Else Marie Frafjord, John Sigurd Kristensen og Jonas Delerud

Barneteatret Vårt  
Première 7. mars 2015  
Avholdshjemmet, Ålesund



## ÅR-HUNDRENES LEGENDE

av Victor Hugo  
Gjendiktet av Bjørnstjerne Bjørnson

Regi og ide Tormod Carlsen Scenografi og kostymedesign Karin Gille

Med Lars Melsæter Rydjord, Vivi Sunde, Bjørnar Lisether Teigen, Hugo Mikal Skår, Nasrin Khusrawi

Teatret Vårt  
Première 22. august 2015

## KONGLE-SUGEREN

av Bjørn F. Rorvik  
Dramatisert av Eva Eklöf Mørkeset

Regi Astrid Overaa  
Scenograf Märta Falleniус  
Komponist/musikk Bjørnar Myhr Lysdesign Jonas P. A. Fuglseth Maske Jorunn Askeland

Med Morten Anda Berg, Hans Norman Reine og Steinung Oppegaard

Barneteatret Vårt  
Première 12. september 2015

## EG VISSTE IKKJE DU KUNNE DANSE

Interaktiv danseframsyning basert på folkemusikk og dans frå Romsdal

Dramaturgi og regi Elisabet Topp Kunstnerisk konsulent Cecilie Lundsholt Lys Jonas P. A. Fuglseth Lyd Jonas Høgseth

Med Britt Elise Skram  
Danser Anna Liv Skjelten Gjendem

Musiker Britt Elise Skram  
Danser Anna Liv Skjelten Gjendem

Teatret Vårt

Urpremière 3. oktober 2015

Myra kulturhus, Vestnes

## VI BARE SPØKER

av Noel Coward

Regi og scenografi Thomas Bjørnager Parikk og maske Cårejånni Enderud Lysdesigner Finn Landspberg

Musikere Gunnar Bech, Terje Venaas og Torstein Fuglseth

Med Vivi Sunde, Lars Melsæter Rydjord, Melina Tranulis, Line Heie Hallem, Hugo Mikal Skår, Marthe Stolp og Hanne-Marte Sørlie

Teatret Vårt  
Première 4. november 2015

## SNEKKER ANDERSEN OG JULE-NISSEN

av Alf Prøysen

Idé, bearbeidelse, regi og scenografi Thomas Bjørnager Musikk/komponist Steinar Raknes Animator Andreas Paleologos Lysdesign Jonas P A Fuglseth

Med Bjørnar Lisether Teigen, Gøril Haukebø, Morten Anda Berg og elever ved Molde kulturskole

Teatret Vårt  
Première 1. desember 2015

# PERSONALE VED TEATRET VÅRT

## Skodespelarar/kunstnarleg tilsette:

Nina Andreassen	skodespelar	(til 25.03.)
Morten Anda Berg	skodespelar	(03.08. – 20.12.)
Axel Gehrken Bøyum	skodespelar	(til 25.03.)
Jonas Delerud	skodespelar	(05.01. - 31.05.)
Line Heie Hallem	skodespelar	(26.01. – 20.12.)
Gøril Haukebø	skodespelar	(til 01.03.15)
Nasrin Khusrawi	skodespelar	(til 04.10.)
Anne E. Kokkin	skodespelar	(til 25.3.)
John Sigurd Kristensen	skodespelar	(05.01 – 23.5.)
Sveinung Oppgard	skodespelar	(03.08. -15.11.)
Lars Melsæter Rydjord	skodespelar	
Hans Norman Røine	skodespelar	( 03.08. – 15.11.)
Hugo Mikal Skår	skodespelar	
Marte Stolp	skodespelar	(07.09. – 31.12.)
Lars Sørbø	skodespelar	(til 25.3.)
Hanne-Marte Sørli	skodespelar	(07.09. – 20.12.)
Vivi Sunde	skodespelar	
Bjørnar Lisether Teigen	skodespelar	
Melina Tranilus	skodespelar	(frå 07.09.)

## Administrasjon:

Thomas Bjørnager	teatersjef	
Roy Carlsen	produksjonsleiar	
Mathilde Håseth-Eik	billettseljar	
Mary Farstad	adm.konsulent	
Monica Hagset	økonomikkonsulent	
Anne Marit Henden	billettseljar	(til 28.02.)
Rolf-Inge Pedersen Hjelseth	informasjonsleiar	
Bente M. Hoflandsdal	løn- og rekneskapsleiar	
Knut Lidvard Høgset	direktør	
Evy Johannessen	adm.sekretær	
Karoline S. Kormeset	billettseljar	(frå 24.02.)
Cecilie Grydeland Lundsholt	kunstnerisk leiar BTV	(frå 01.08.)
Marianne Myrbostad	formidlingsleiar	
Eva Eklöf Mørkeset	kunstnerisk leiar BTV	(til 31.07.)
Kjersti Solenes	marknadsleiar	
Solveig Mordal Vågen	salsleiar	

**Teknisk**

Aleksandar Panayotov	snikkar/scenetekniknar	(frå 04.02.)
Georgina Alexander	inspisient	(19.01. – 30.04., frå 01.11.)
Gerd G. Austnes	leiar systova	
Freya Imogen L. Busby	kostymetilverkar	(frå 01.08.)
Finn Frode Feght	sufflør/teknikar	(01.04. – 01.10.)
Halvard Fiksdal	produsent	
Jonas P A Fuglset	multiteknikar	(permisjon frå 02.11.)
Mathias Hammerø	snikkar/teknikar	(til 31.07.)
Arnstein Hoem	smed/sjåfør	(frå 13.04.)
Knut Arve Karlberg	teknikar	(til 01.02.)
Ingvar Kristensen	multiteknikar	
Finn Landsperg	lysmeister	
Svein Larsen	teknisk leiar	
Elin Nyheim	inspisient	(permisjon frå 27.12.)
Bergliot Rørvik	rekvisitør	
Henrik S. Solberg	teknikarassistent	
Martine Finsås Solenes	inspisient	(05.01. -31.03.)
Lisa Kristin Valde	kostymetilverkar	(permisjon)

**Kafè Kurt:**

Synnøve Aune	ekstrahjelp	
Lara A. Balqis	ekstrahjelp	(frå 01.08.)
Rashid M. Bourguaa	kafèmedarbeider	
Freddy Hessvik	restaurantsjef	
Mailin Stokke Hessvik	ekstrahjelp	
Wizgier Marcin	ekstrahjelp	
Asta Navickiene	ekstrahjelp	
Diego C. Nova	kokk	(til 31.05.)
Piotr Ruszel	kokk	
Zbidi Mohamed Nabil	kjøkkensjef	(frå 19.10)

# STYRET

## Representant frå Møre og Romsdal

### fylkeskommune:

Bodil Hollingsæter	styreleiar
Leon Aurdal	styremedlem
Kjersti Løge	styremedlem
Frøydis Austigard	varamedlem

### Representant frå Molde kommune:

Per Kåre Trengereid	nestleiar
Hans-Olav Solli	varamedlem

### Representant frå Ålesund kommune:

Knut Anders Oskarson	styremedlem
Solveig Fagermo	varamedlem

## Representant frå Noregs Ungdomslag,

### Møre og Romsdal:

Janne Kvamme	styremedlem
Reidun Flatøy	varamedlem

### Representant frå dei ansatte:

Bjørnar L. Teigen	styremedlem
Finn Landsperg	1. varamedlem/observatør
Kjersti Solenes	2. varamedlem/observatør

# REPRESENTASJON

## Stiftelsen Ålesund Teaterfestival:

Cecilie Grydeland Lundsholt
Knut Lidvard Høgset (vara)

## Molde Kulturygg AS:

Thomas Bjørnager
------------------

## Norsk Teaterlederforum:

Thomas Bjørnager
Knut Lidvard Høgset



## VI BARE SPØKER

av Noel Coward

Rogi og scenografi **Thomas Bjørnager**  
Parykk og maske **Cårejánni Enderud**  
Lysdesigner **Finn Landsberg**

Musikere **Gunnar Bech, Terje Venaas**  
og **Torstein Fuglseth**

Med **Vivi Sunde, Lars Melsæter**  
**Rydjord, Melina Tranulis, Line Heie**  
**Hallem, Hugo Mikal Skár, Marthe**  
**Stolp** og **Hanne-Marte Sørlie**

Teatret Vårt  
Première 4. november 2015  
på Teatret Vårt, Molde.

Forestillinger: 28  
Publikum: 1999



**TEATRET VÅRT** **BARNE**TEATRET VÅRT  
AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL  
Telefon 71 24 02 80 - E-post: [post@teatretvart.no](mailto:post@teatretvart.no) - Internet: [www.teatretvart.no](http://www.teatretvart.no)

